

## Referat årsmøte HSG 2024:

Ved frammøte fredag 1. mars hadde HSG fått besøk at Ketil Trongmo, styremedlem NSG. Trongmo er og HSG sin «fadder»

### **Ketil Trongmo heldt innlegg med tema «Kampen om utmarka»**

Ketil hadde eit engasjerande innlegg der han belyste andre sine interesse for utmarka. Han snakka og om gjerdehold, kva med dei som ikkje driv garden sin lengre og let gjerde til utmarka forfalle? Sjå heile innlegget på HSG sin heimeside:

Etter faginnlegg var det årsmøtemiddag. Her fekk me servert lammesteik med tilbehør.

Etter middagen var det klart for påskjønning til FM meister i Gjetarhund, beste ver i Hordaland og beste NKS, Spæl og Sjeviot.

Gratulera til alle!

## **Årsmøte 2. mars:**

### **1. Opning av møtet**

Ordstyrar i årsmøte Ove Holmås ønskte velkommen til årsmøte 2024. Det er veldig kjekt at det er så mange utsendingar. Dette lovar godt for eit godt møte.

### **Etter opninga var det helsing frå Kvam Herad:**

Jan Tjosås leiar for næring ønskte HSG velkommen til Kvam Herad og Norheimsund.

Han tok oss med på ein fin presentasjon av Kvam Herad.

Sjå heile innlegget på HSG sin heimeside: [Innlegg frå Kvam Herad - Norsk Sau og Geit \(nsg.no\)](https://nsg.no)

### **Deretter, innlegg frå Ketil Trongmo styremedlem NSG:**

Ketil tok oss gjennom det arbeidet som på går i organisasjonen.

- Heimesida- artiklar- bilder
- Tenk kommunikasjon...
- Medlemsverving, har stoppa negativ trend med fråfall på 4-5% pr. år til ca.1%.
- NSG arbeider med nasjonal apotekavtale
- Medlemsbutikk
- Medlemsverving
- Kjøtt i skulen, her i Hordaland er ein godt i gang.
- Dyrevelferdsmeldinga

- Organisasjonsutvikling
- Nå- Ny dagleg leiar
- Ny ansvarleg for avlsarbeidet
- Jordbruksforhandlingane

Stiller spørsmålet: Kva ønsker medlemmene av NSG?

**Kommentarar:**

**Audun Seilen:** Viktig å synleggjere fylkeslaga meir.. dei er nave i organisasjonen

**Leif Trygve:** Kva kostar det å sende ut bladet Sau og Geit?

**Mons Kjetil Vevle:** Er NSG nok synlege utad?

**Etter dette var det leiar Reidar Kallestad som sa dette til Årsmøte:**

Velkommen til årsmøte i Hordaland Sau og Geit. Mange år sidan det har vert så mange utsendingar og gjester.

Berre to lag som ikkje møter.

Småfenæringa produserer festmat og ull av beste kvalitet! Dette skal me vara «kry» over.

Reidar Kallestad var innom:

- Har me nok ull frå langhala sau? Ja, i dag men det er aukande etterspørsel.
- Ope naturlandskap, dette gagnar alle.
- 3500 småfeholderar i Vestland fylke.
- 2200 småfeholderar i Hordaland
- Vårt fylke er godt egna for småfehold.
- Var litt lite lam i september som kom til slakt, marknaden kunne tatt i mot meir.
- Totalt er det i 2023 slakta 51000 færre lam.
- Innmeldingstalla for ettervinteren 2024 er som normalt.
- Takk til alle i styret som gjer ein god jobb for HSG.
- Takk til alle medlemmene- mykje godt arbeid ute i felte.
- Takk til alle samarbeidspartane.

**2. Namneopprop**

Svanhild Aksnes Botnen hadde namneopprop.

Berre 2 lokallag som ikkje hadde utsendingar.

**Vedtak:**

Det er 44 stemmeberettiga til vanlege årsmøtesaker og 39 stemmeberettiga til årsmelding og rekneskap.

**3. Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Godkjent

**4. Val av 2 personar til å skriva under møteboka**

**Forslag:**

Einar Hodneland og Mons Kjetil Vevle

**Vedtak:** Valt

## 5. Årsmelding

Styret la fram årsmeldinga for 2023. Audun Selen la fram årsmeldinga for gjetarhundnemnda og Tore Atle Sørheim la fram årsmeldinga for avlsutvalet.

Spørsmål:

**Mons Kjetil Vevle:** Kvifor kostar det så mykje å ta «Dyrevelferdsprogrammet» for sau? Her blir jo tatt inn på millionar! Kan det kosta så mykje?

**Svar:** Reidar, skal etterspør hos Animalia.

**Vedtak:**

Einstemmig godkjent.

## 6. Rekneskap

Kjetil Rødland la fram rekneskapen for 2023 med eit overskot på kr. 114.530.-.

Kjetil viser til at HSG har sett av 1. mil. Kr. på høgrentekonto. Denne kontoen vil ikkje vise renteutbytte føt pengane har vert på denne kontoen i eit år. Renteutbytte vil vara på ca. kr. 40.000.- slik renta er i dag.

Spørsmål:

**Nils Inge Hitland:** Bør HSG setja meir av til denne kontoen?

Bør HSG vurdere andre bankar med betre vilkår?

**Vedtak:**

Rekneskapen for 2023 overskot på kr. 114.530.- godkjent.

## 7. Val av leiar 2024

På val: Reidar Kallestad

**Vedtak:**

- Reidar Kallestad valt med 42 stemmer -2 blanke

## 8. Val av styremedlemmer for 2. år

På val: Kjetil Rødland og Svanhild Aksnes

Kjetil Rødland takka nei til attval. Forslag på Kristina Jordalen.

**Vedtak:**

- Svanhild Aksnes valt med 44 stemmer -1 blank
- Kristina Jordalen valt med 44 stemmer -1 blank

## 9. Val av nestleiar for 2024

Forslag Ola Steinsland.

**Vedtak:**

Ola Steinsland valt med akklamasjon.

## 10. Val av varamedlemmer til styret for 2024

Forslag frå valnemnda for 1 år:

- 1. vara Mons Kjetil Vevle
- 2. vara Lars Johan Tveit
- 3. vara Randi Frette

**Vedtak:**

- 1. vara Mons Kjetil Vevle
- 2. vara Lars Johan Tveit
- 3. vara Randi Frette

**11. Val av møteleiar til årsmøtet 2025 med vara.**

Forslag frå valnemnda: Ove Holmås med Nils Inge Hitland som vara.

**Vedtak:** Møteleiar årsmøte 2025 Ove Holmås med Nils Inge Hitland som vara.

**12. Godtgjersle til leiar og styremedlemmer for 2024**

Valnemnda la fram forslag på godtgjersle til leiar og andre tillitsvalte i HSG som uendra frå 2023.

Etter forslag frå Nils Inge Hitland med ein auke på kr. 4.000.- til leiar, kr. 2.000.- til nestleiar, kr. 2.000.- til leiar gjetarhundnemnda og leiar avlsutvalet.

**Vedtak:**

Godtgjersle til leiar og andre tillitsvalte i HSG for 2024 er:

Leiar kr. 30.000.-

Nestleiar kr. 16.000.-

Leiar gjetarhundnemnda kr. 16.000.-

Leiar avlsutvalet kr. 16.000.-

Møtegodtgjersle etter NSG sine satar for alle styremedlemmer og utvalsmedlemmer.

**13. Val av valnemnd for årsmøtet 2025**

**Vedtak:**

Region 3: Andreas Vorland med Olaug Hove Hitland som vara

Region 5: Even Øyri med Lars Norheim som vara

Region 6: Frode Tveito med Ragnar Byrkjenes som vara

Region 7: Knut Skjervheim med Jon Atle Jordalen som vara

Leiar for valnemnda 2024 John Karsten Raunholm med Knut Skjervheim som vara.

**14. Val av utsendingar med vara til Årsmøte NSG 2024 (5 utsendingar med 5 varautsendingar i nummerrekkefølge)**

Etter framlegg frå valnemnda blei desse valt:

**Vedtak:**

1. Reidar Kallestad
2. Ola Steinsland
3. Svanhild Aksnes
4. Kristina Jordalen

5. Kato Hilleren

**Vara i nummerrekkefølge:**

1. Mons Kjetil Vevle
2. Lars Johan Tveit
3. Randi Frette
4. Audun Seilen
5. Tore Atle Sørheim

**15. Innkomne saker**

**Vedtak:**

Ingen.

**16. Søknad frå Vestland Radiobjøllelag SA om økonomisk tilskot**

Søknad om økonomisk støtte til VB SA var styrebehandla og saka blei lagt fram for årsmøte av Kjetil Rødland.

Det blei debatt med bl. desse spørsmåla:

**Nils Inge Hitland** stilte spørsmål om det er riktig at HSG stiller med økonomisk støtte til VB? Stiller og spørsmål om medlemmer i VB har stemmerett. Kva med inhabilitet?

**Per Kristian Løvmo:** Det er viktig at næringa stiller opp! Viktig i forhold til beitebruken, diskuterer me ikkje bruken av utmarka då må det vara heilt rett. Viktig med eit sterkt VB radiobjøllelag som kan ha god dialog med leverandør av radiobjølla. Ber årsmøte stemme ja til forslaget frå Styret i HSG.

**Audun Seilen:** Ber næringa stille opp!

**Mons Kjetil Vevle:** Ein må ha støtte til utvikling og ikkje til drift.

**Einar Hodneland:** Like viktig å støtte VB som gjetarhund.

**Kristina Jordalen:** Få medlemmer som brukar radiobjølle- blir feil å setja dette opp mot anna.

Kva er vaktordning?

**Svar:** Sjekkar om det er «raude» bjøller.

**Nils Inge Hitland:** Er det lik behandling av medlemmene?

**Harald Olav Fosso:** Er det fritt for alle å melde seg inn i VB?

**Svar:** Ja ope for alle.

**Hermund Kvamme:** Her kan ein lett opna for andre som vil starte opp med andre bjøller.. Kan dette bli ein trend?

Ut frå dette blei det skriftleg avstemming om å støtte forslaget frå styret med ei støtte på kr. 100.000.- eller forslaget frå Nils Inge Hitland med å ikkje gje støtte:

**Vedtak:** 25 stemmer for styret sitt forslag med å støtte VB og 17 for Nils Inge sitt forslag med ikkje støtte. 3 blanke stemmer.

**17. Arbeidsplan for 2024**

Styret ved Kjetil Rødland la fram forslag til aktivitetsplan for 2024:

**Vedtak:**

Arbeidsplan for 2024 godkjent.

Månad	Tema	Ansvar
<b>Januar</b>	Info heimesida (kvar veke/månad) Fokus rovdyr (heile tida) Kurs «Nye/unge bønder» Årsmelding Apotekavtalar Jordbruksforhandlingane Medlemsverving (heile tida) Styremøte	Styret Styret Styret Alle Styret Styre/Lokallaga Styret/Lokallaga Styret
<b>Februar</b>	Landbruksrådet Vestland Jordbruksforhandlingane Styremøte	Styreleiar Styret Styret
<b>Mars</b>	Årsmøte Thon Hotel Sandvin Årsmøte NSG 13-14 Årsmøte VB Årsmøte HBS Fagmøte i regionane (vår- Haust) Dyrevelferds program Klassifisering av småfe	Alle 5 utsendingar Reidar Styret Styret/regionane Styret styret
<b>April/Mai</b>	Lamming	Alle
<b>August</b>	Samling kåringsdommarar Hordaland. Fagsamling (Fjell- dagar) ? Klassifisering av småfe uke 35.	Avlsutvalet Styret/Beitelag Styret
<b>September</b>	Kåring Fylkesmeisterskapen i gjetarhund NM i saueklipping og ull handtering. Info kjøtt i skole, teams. Kjøtt i Skulen.	Avlsutvalet Gjetarhundnemnda Etne Sau og Geit Styret Lokallaga
<b>Oktober</b>	Kåring Leiarmøte/fagsamling. Kjøtt i Skulen.	Avlsutvalet Styret Lokallaga
<b>November</b>	Oppfølging dyrevelferds program.	Styret
<b>Desember</b>	Utnemning av nemnder i HSG	Styret
<b>Januar 2025</b>	Årsmelding Kurs «Nye/unge bønder» oppfølging. ? Apotekavtalar Jordbruksforhandlingane Medlemsverving (heile tida) Styremøte Info heimesida (kvar veke/månad) Fokus rovdyr (heile tida)	Styret Styret Styret Styret/Lokallaga Styret/Lokallaga Styret Styret Styret
<b>Februar 2025</b>	Årsmøte Landbruksrådet Vestland Jordbruksforhandlingane Styremøte	Styret Leiar Styret/lokallaga Styre

## 18. Budsjett HSG 2024

Styret ved Kjetil Rødland la fram forslag til budsjett for 2024:

Etter nokre innspel på:

**Tore Atle Sørheim:** Ber om auke i budsjettet på lik linje som for gjetarhundutvalet. Det er stor kostnadsauke også innan avl.

### Vedtak:

Budsjett for 2024 godkjent med – 30.000.- som dekkes inn frå eigenkapitalen.

Inntekter	Budsjett 2024
Leiarmøte	
Medlemspengar	460 000
Inntekter kåring	235 000
Kursavgift gjetarhund	30 000
Tilskot fagsamling nye/ unge bønder	70 000
Deltakar avgift kurs nye unge bønder	81 000
Årleg tilskot overf.drift/avl	60 000
Årleg tilskot overf.drift/gjetarhund	60 000
Utfakturt årsmøtet	85000
Sal caps mm	
Annonseinntekter	45 000
Div. inntekter	
Renteinntekter	46 000
Diverse inntekter/purregebyr	
Julebord	
Leier møte/Fagsamling	80 000
Årsmøte	87 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 339 000</b>

### Kostnadar:

Lønn	180 000
Arb.gjev.avg	24 000
Møteutgifter	20 000
Årsmøte	120 000
Årsmelding	30 000
Kurs unge ny bønder	178 000
Leiarmøte/Fagsamling	150 000
Støtte Vestland Radiobjølleleg AS	
Refusjon nye medlemmer	
lokallaga	
Jolatur	
Julebord	

Fagmøter	60 000
Øyremarker	7 000
Årleg tilskot drift/gjetarhund	60 000
Årleg tilskot drift/avl	60 000
Tilskot klyppekurs	30 000
Deltakaravgift gjetarhund	30 000
Kursutgifter	
Utstyr	
Premie gjetarhund	
Gjetarhund NM	
Premiar	4 000
Kåringsklær	2 000
Rekneskap/kasserar/kontorutg.	42 000
Kontorutgifter	15 000
Porto	
Bilgodtgjersle	60 000
Reiser/opphald	40 000
Diett	85 000
Vervekampanje/premier	
Kontingent	
Reklame	
Annonser	
Tilskot Vestland Radiobjllleleg	
SA	100 000
Garanti NM	
ullhondtering/klypping	50 000
Gåver	10 000
Div. utgifter	12 000
Overført egenkapital	-30 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>1 339 000</b>

### Gjester:

**HSG hadde besøk frå Vestland Bondelag v/ Guro Styve.** Ho takka for invitasjonen og det gode samarbeidet det er mellom organisasjonane.

Ho var klar på den viktige jobben småfenæring gjer med beite dyr og god produksjon.

Var og innom viktige saker VB har spelt inn i jordbruksforhandlingane.

**Nortura v/Per Johan Lyse** var og med. Takk for invitasjonen.. er fyrste gong eg er med på HSG sitt årsmøte.

Han var opptatt av at småfenæringa kan vara litt ensom med svak økonomi. Dette kan gå utover trivselen hos den enkelte småfeholdar. Så derfor, sjå kvarandre, og ta vare på kvarandre.

Nortura er her for dykk.. ta kontakt..

Nortura hadde eit betre økonomisk resultat siste året. Dette genererer betre pris til bonden.



Lykke til med arbeidet dykk gjer for småfenæringa.

**Avslutning:**

**Ordstyrar Ove Holmås:** Takk for godt møte!

**Reidar Kallestad:** Takke for ny tillit.

Deretter takka han Kjetil Rødland for godt arbeid gjennom 10 år i fylkesstyret.



Kjetil fekk gåve frå HSG og blomster.

**Takk for eit godt årsmøtemøte!**

Ove Holmås

Einar Hodneland

Mons Kjetil Vevle



Karluf Håkull

Sek.

